



VINJE KOMMUNE
Vinjevegen 192
3890 VINJE

Seksjon Samfunn og plan

Vår dato: 06.02.2026
Deres dato: 03.12.2025
Vår referanse: 24/05227-5
Deres referanse: 2023/8118-62
Vår saksbehandlar: Hanne Birte Hulløen

Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan for Mobø bustadfelt i Raulandsgrend - planID 20240003 - Vinje kommune

Telemark fylkeskommune viser til oversending datert 3. desember 2025 om offentlig ettersyn av reguleringsplan for Mobø bustadfelt i Vinje... kommune. Uttalefristen er sett til 6. februar 2026.

Formålet med og bakgrunnen for planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å regulere om frå fritidsbusetnad til område for bustader for mikrohus.

Planområdet er ca. 18,7 daa stort, er i kommunedelplan for Rauland avsett til framtidig anna byggjeområde med blanda føremål yrkesbygging/fritidsbustader, og er omfatta av gjeldande reguleringsplan frå 3. september 2020 som viser fritidsbustader.

Fylkeskommunen har tidlegare kome med innspel til varselet om oppstart av planarbeid, jf. brevet vårt av 13. mars 2024, der vi spesielt hadde kommentarar til barn og unges interesser og vassmiljøet.

Rollene og ansvaret til fylkeskommunen

Telemark fylkeskommune har mottatt planforslaget til uttale i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 5-2. Fylkeskommunen skal bidra til at nasjonale og regionale føringar blir følgde opp i alt planarbeid. Vi har ei rolle som regional utviklingsaktør, planmyndigheit og planfagleg rettleiar. Uttalen frå fylkeskommunen blir gitt med grunnlag i mål, prinsipp og tilrådingar, slik dei er nedfelte i overordna nasjonale og regionale styringsdokument.

Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Vestfold og Telemark fylkeskommune inngjekk ein samarbeidsavtale 13. januar 2021. Avtalen inneber at fylkeskommunen varetek interessene til barn og unge i reguleringsplanar, også på vegner av Statsforvaltaren. Avtalen avgrensar ikkje Statsforvaltaren tilgang til å fremje motsegn. Denne samarbeidsavtala blir vidareført inntil vidare mellom Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark og Telemark fylkeskommune.

Vurderinga frå fylkeskommunen

Interessene til barn og unge i planlegging

Fylkeskommunen er glade for at saksframlegget viser at Vinje kommune har lagt vekt på medverknad i hele planprosessen, og at barnerepresentanten har hatt ei aktiv rolle.

Vi ser òg at arealformålet f_BUT blir betegna leikeplass på plankartet (med feltkode 1610), men ikkje i planføresegnene punkt 3.1.6. Der blir området beskrive som felles uteopphaldsareal (med feltkode 1600), utan føresegner som viser til arealbruken som leikeplass. Når området blir omregulert frå fritidsbustader til bustader, legg vi til grunn at området òg skal brukast til leik.

Vi ber om at plankart og føresegner blir oppdatert slik at leikeplassen blir sikra opparbeidd. Av same grunn ber vi om at rekkjefølgjeføresegnene punkt 5.2 blir supplerte med krav om at leikeplassen skal vere etablert før brukstillating vert gjeve.

Samferdsel

Fråvik, fortau

Planforslaget viser at det er planlagt fortau på noko av strekninga langs fylkesveg 362 Totakvegen. Det er i strid med handbok N100 Veg- og gateutforming sidan fartsgrensa er 60 km/t. Det er ikkje søkt om fråvik frå dette kravet, verken i samband med denne eller forrige planprosess.

Forrige planprosess enda med vedtak av gjeldande reguleringsplan i 2020, og den viser tilsvarande fortausløyning, sjølv om fylkeskommunen den gong både i varsel om oppstart av planarbeid og i høyringsperioden framheva kravet om gang-/sykkelveg (GS -veg).

Sidan området no regulerast på nytt minner vi igjen om kravet om fråviksbehandling dersom kommunen fortsatt vil planlegge fortau i staden for GS-veg, og at planen ikkje sluttbehandlast før resultatet av fråviksbehandlinga føreligg. Dersom planen endrast til å bestå av GS-veg i staden for fortau er det ikkje krav om fråviksøknad. Men vi ber i så fall om at endra plan sendast Telemark fylkeskommune for utsjekk før den godkjennast.

Snø/trafikktryggleik

Snømasser frå brøyting av Totakvegen og tilhøyrande fortau skal ikkje lagrast i frisikoona. Det er ein trafikkfarleg løysing. Slik planforslaget er utforma nå med fortau, vil snøopplag bli eit problem i krysset, og snøen vil sannsynleg havne i frisikoona på grunn av mangel på anna eigna areal til snøopplag. Ein GS-veg i staden for fortau vil medføre at sjølve GS-vegen i hovudsak vert liggjande i frisikoona, og frisikoona vert dermed heldt fri for snø som hindrar fri sikt i krysset.

Rekkjefølgjekrav

I reguleringsføresegnene punkt 5.2 står det blant anna at offentlege trafikkområde skal vere etablert før brukstillating vert gjeve. Det kan ikkje stå dersom det ikkje er meininga at GS-veg eller fortau skal vere etablert før dei nye bustadene tas i bruk.

Byggjegrense

Det er i planforslaget teikna inn byggjegrænse over den private parkeringsplassen. Vi ber om at den tas bort og eventuelt flyttast slik at den blir liggjande i byggeområdet lengre unna Totakvegen.

Med helsing

Tor Arne Hellkås
seksjonsleiar
Samfunn og plan

Hanne Birte Hulløen
plankoordinator
hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes utan signatur.

Mottakere:
VINJE KOMMUNE

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
STATENS VEGVESEN

Saksbehandlar

Hanne Birte Hulløen - hovedsaksbehandlar

tlf. 90 17 67 96

e-post: hanne.birte.hulloen@telemarkfylke.no

Dag Steinar Ragvin - samferdsel

tlf. 94 16 94 76

e-post: dag.steinar.ragvin@telemarkfylke.no